

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - B03	14/3435

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
06/2015	Utval for levekår	PS	17.02.2015

Symjeopplæring i grunnskulen - Utgreiing av moglege tiltak på kort og lang sikt

Vedlegg:

Udir_svomme_livredding_net

Saksopplysningar:

Bakgrunn

I Formannskapet, 04.06.14, vart det i sak 41/2014 (under aktuelle saker) lagt fram ønskje om status for symjeundervisning i kommunen. Spørsmålet vart oversendt til Utval for levekår (ULK). På Utvalsmøte i sak 39/2014 16.09.14 vart det orientert munnleg om saka av skulefagelg rådgjevar.

Utval for levekår - 39/2014

ULK - behandling:

Dokumentet 'Status symjeopplæring Meland kommune september 2014' vart utdelt i møtet.

Framlegg til vedtak i møte frå utvalsleiar **Kåre Skibenes (Krf)**: Utval for levekår er uroa av ulikskap i tilbod om symjeopplæring mellom skulane i Meland, samt tilgang til bassengkapasitet. Utval for levekår ber rådmann snarast utgreie moglege tiltak på kort og lang sikt.

Framlegget vart **samrøystes vedteke**.

Vurdering

Administrasjonen vil i 2015 lage ein felles ressursfordelingsmodell for skulane. Formålet med ein slik modell er å sikre mest mogleg lik fordeling av dei økonomiske ressursane mellom skulane.

Ein slik modell krev nokre nøkkeltal. Ein del av desse nøkkeltala er fastlagt i lov- og avtaleverk, andre må ein bli eining om. Timar til symjeopplæring er døme på eit nøkkeltal ein må bli eining om. Førebels nøkkeltal for symjing er satt til: 1. til 4. trinn (40 timer) 5. – 7. trinn (30 timer) 8. - 10. trinn (30 timer) totalt 100 timer.

Nedanfor er det eit forslag til ein definisjon på symjedyktigheit frå fagmiljøa nasjonalt (sjå vedlegg). Det er viktig å understreke at denne definisjonen ikkje er vedteken som minstekrav til symjedyktigheit av utdanningsmyndigheita.

«Eleven skal kunne rulle uti på dypt vann. Svøm 100 m på magen. Stopp og hvil (flyt på mage, rull over, flyt på rygg) samlet i tre minutter. Svøm deretter 100 m på rygg.»

Skulane har i fellesskap valt å leggje nemnte definisjon til grunn for arbeid med symjeopplæringa. Skulane vil i tillegg nytte testøvingar frå rettleiinga til Udir (sjå vedlegg) som kjenneteikn på delmålloppnaing. Skulane vil prøve å få til eit tilbod med intensivt kurs i løpet av grunnskuleopplæringa, for elevar som ikkje når mål om symjedyktigheit.

Den einskilde tenesteområdeleiar må kontinuerleg gjere forsvarlege vurderingar om korleis ressursane best kan nyttast for å oppfylle elevane sin rett til grunnskuleopplæring.

Så lenge Meland kommune ikkje har tilgang til eige basseng, utanom på Rossland skule, vil ein vere avhengig av tilbod ein får i avtale med Nordhordland Folkehøgskule.

Folkehelse – ikkje relevant.

Miljø- ikkje relevant.

Økonomi - ikkje relevant

Framlegg til vedtak:

Utval for levekår støttar opp om tiltak som Rådmann har skissert.

Utval for levekår - 06/2015

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Utval for levekår støttar opp om tiltak som Rådmann har skissert.